

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**       **Nasjonalparkstyret for Reinheimen**  
**Møtested:**    Utgard kulturhus, Lom  
**Dato:**         22.06.2020  
**Tidspunkt:**   17:00 – 19:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

---

## MØTEPLAN

### 22.juni

11:00 – 16:30       Opplæringsdag for nasjonalparkstyra, i Utgard Kulturhus – eiga program  
17:00 – 19:00       **Møte i Nasjonalparkstyret for Reinheimen** - Utgard Kulturhus  
19:30 -               Middag på Fossheim Turisthotell

Overnatting på Fossheim, for dei det gjeld

### 23.juni

09:00               Omvising i utstillinga Bergtatt på Norsk fjellsenter v/dagleg leiar Mai Bakken  
10:00               Avreise frå Norsk fjellsenter til Klimaparken på Juvflye  
                        Samkøyring i private bilar  
                        Vi har med matpakker frå Bakeriet i Lom. Ta med ekstra klede etter behov. Det er -2 gr. i Istunnelen.  
10:45 – ca. 13:45   Guida tur i Klimaparken

Vel møtt til kompetansedag og styremøte i Lom!

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 12/2020	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 13/2020	Referatsaker		
	Skuterløyve i sak 2017/7963-2 432.3		2020/5207
	Uttale til plan for rehabilitering av dam ved Veltaldalsvatn i Skjåk - Norges vassdrag og energidirektorat		2020/1759
	Trollstigen LVO - Dispensasjon - 2019 - Montering av værstasjon - langs Fv63 Trollstigen - Statens vegvesen		2019/18025
	Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder		2020/2150
	Høring - ny forskrift om øvre ramme for overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven		2020/6779
	Søknad - Reinheimen NP - Riving og oppføring av nytt tilbygg til AAST Pyttbua		2020/6175
	Søknad - Reinheimen NP - dispensasjon - endring av fasade for hytte gbnr 88/14 i Vermedalen - Marte Vamnes		2020/4607
DS 16/2020	Delegerte saker		
DS 17/2020	Søknad - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - bytte båt i Fellingsvatnet - Morten Olesen		2020/3413
DS 18/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - Rånå - Asbjørnsdalen - Herahøtjønne - Eivind Bakken		2020/4159
DS 19/2020	Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - utkøyring av båt med snøscooter til Aukarsvatnet - Kjetil Auale		2020/2507
DS 20/2020	Reinheimen np - dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark - jaktguiding under reinsjakta - Leif Skiaker		2020/3930
DS 21/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - plassering av fiskekasse ved Aukarsvatnet i Skjåk kommune - Rune Skjåk		2020/3738
DS 22/2020	Reinheimen NP - Fjellgeitpost ved Storhøhytta - Fjellgeita i Skjåk		2020/1959
DS 23/2020	Reinheimen np - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Ola Skjåkødegård		2020/2477

DS 24/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - transport av ved og utstyr - Lordalen - Krokuttjønn - Einar Kornkveen	2020/3085
DS 25/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - snødekt mark - Lortjønn - Sevald Bismo	2020/1244
DS 26/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - helikopter for utkøyring og montering av bakkeantennar i Lesjaskog beitelag - Lesja kommune, Lesjaskog beitelag	2020/4844
ST 14/2020	Reinheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bygging av ny utedo ved Vakkerstøyle - Ålesund-Sunnmøre Turistforening v/Åsmund Steen	2019/10162
ST 15/2020	Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Utviding av kjøkken på Reindalseter - DNT Sunnmøre	2019/15442
ST 16/2020	Ottadalen LVO - Dispensasjon - bygging av utedo på tilsynsbu ved Kroketejønn - Kroketejønn Vasslag v/John Teigum	2020/5605
ST 17/2020	Reinheimen np - Oppsett av sperregjerde - saltsteinsholder - saltkasse -Billingen - Kjell Egil Ramstad	2020/4067
ST 18/2020	Møteplan 2.halvår 2020	2020/2149
ST 19/2020	Eventuelt	

**ST 12/2020 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 13/2020 Referatsaker**

**Skuterløyve i sak 2017/7963-2 432.3**

**Uttale til plan for rehabilitering av dam ved Veltdalsvatn i Skjåk - Norges vassdrag og energidirektorat**

**Trollstigen LVO - Dispensasjon - 2019 - Montering av værstasjon - langs Fv63 Trollstigen - Statens vegvesen**

**Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder**

**Høring - ny forskrift om øvre ramme for overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven**

**Søknad - Reinheimen NP - Riving og oppføring av nytt tilbygg til AAST Pyttbua**

**Søknad - Reinheimen NP - dispensasjon - endring av fasade for hytte gbnr 88/14 i Vermedalen - Marte Vamnes**

**DS 16/2020 Delegerte saker /**

**DS 17/2020 Søknad - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - bytte båt i Fellingsvatnet - Morten Olesen 2020/3413**



**DS 18/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - Rånå - Asbjørnsdalen - Herahøtjønn - Eivind Bakken 2020/4159**

**DS 19/2020 Ottadalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - utkøyring av båt med snøscooter til Aukarsvatnet - Kjetil Auale 2020/2507**

**DS 20/2020 Reinheimen np - dispensasjon - motorferdsel 2020 - snødekt mark - jaktguiding under reinsjakta - Leif Skiaker 2020/3930**

**DS 21/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - plassering av fiskekasse ved Aukarsvatnet i Skjåk kommune - Rune Skjåk 2020/3738**

**DS 22/2020 Reinheimen NP - Fjellgeitpost ved Storhøhytta - Fjellgeita i Skjåk 2020/1959**

**DS 23/2020 Reinheimen np - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Ola Skjåkødegård 2020/2477**

**DS 24/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - snødekt mark - transport av ved og utstyr - Lordalen - Krokuttjønn - Einar Kornkveen 2020/3085**

**DS 25/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - snødekt mark - Lortjønn - Sevald Bismo 2020/1244**

**DS 26/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - helikopter for utkøyring og montering av bakkeantennar i Lesjaskog beitelag - Lesja kommune, Lesjaskog beitelag 2020/4844**



Arkivsaksnummer: 2019/10162-7

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 19.05.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	14/2020	22.06.2020

## Reinheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bygging av ny utedo ved Vakkerstøylen - Ålesund-Sunnmøre Turistforening v/Åsmund Steen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får DNT Ålesund-Sunnmøre turistforening dispensasjon til å utvide ny utedo ved turisthytta Vakkerstøylen med 50 cm, for å gje ei praktisk forbetring av inngangsparti.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen skal ha eit utvendig mål på 3,0 m lengde (aust, vest) x 2,5 m breidde (nord, sør), slik at det totale arealet er 7,5 m<sup>2</sup>. Høgde 2,6 m frå toppen av grunnmur til under rafta ved inngang i aust og 2,4 m i vest.
- Utedoen skal ha same plassering som eksisterande do, og skal plasserast på tørr grunn utan risiko for avrenning til vassdrag.
- Utvendig kledning skal vera ståande panel, og påførast same farge som på hovudhytta Vakkerstøylen. Taket skal vera av torv, henta frå nærområdet.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert riving og opprydding er i løpet av juni 2022.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med Rauma kommune og grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen, 24.06.2019
- Søknad om utviding av nybygg, ÅST 10.03.2020

## Saksopplysninger

DNT Ålesund-Sunnmøre turistforening søker om å utvide den nye utedoen på Vakkerstølen. I søknaden står følgende:

### «Revidert søknad om utbedring/nybygg av utedo ved Vakkerstølen i Reinheimen nasjonalpark.


De siste årene har besøket økt på Vakkerstølen ved Ulvådalsvannet i Rauma kommune. I 2015 var det 915 overnattinger, men det var over 1100 i de to siste årene. I tillegg kommer stigende dagsbesøk av bl.a. hytteeiere fra Bjorli/Lesjaområdet. Som en av overnattingsplassene på pilgrimsleden fra Valldal kan man også vente en økning i besøket herfra i årene framover. Gjestene benytter seg naturligvis av muligheten for dobesøk, og vi ser at den gamle utedoen ikke lenger har kapasitet til besøket, og må oppgraderes. Det gamle bygget sitter på løsteinsmurene trass i bardunering, Veggene har råteskader og har for små kjellerkammer som fylles fort opp. Vi tenker oss en ny do der den gamle står. Det må settes opp et bygg på forskriftsmessig støpt tett grunnmur og plate med lukkede kammer, to atskilte rom med doseter og plass til bla. gassflasker, bark og sekker med dopapir. Ytterveggene er tenkt i stående panel lik nybygget til hovedhytta og taket tekkes med torv.

Eventuell avrenning fra massekummene kan ledes til sandgrøft.

Vedlagt er bilder og skisse med utvendige mål av eksisterende gammel utedo, og plantegning av ny utedo oppdatert i mars 2020. Hovedgrunnen til økningen i størrelsen er for oppbevaring av gass, som skal lagres adskilt fra hovedhytta. Dagens do har to hull fordelt på ett rom, noe som ikke er særlig brukervennlig. For å få opp en skillevegg må vi øke volumet litt.

**Endring i 2020: Dugnadskomiteen på Vakkerstølen har kommet fram til at en ytterdør inn i forgang er mye mer praktisk løsning enn to ytterdører. Særlig vinterstid. Den nye doen blir en halv meter breiere enn den vi fikk godkjent i 2019.**

Bygging av doen er planlagt i 2020, alternativt 2021. Transport av material vil bli forsøkt gjort i sammenheng med annen transport i fjellet.»



Den nye utedoen skal utvidast med ein forgang på 50 cm i heile bredda slik at det totale arealet blir 7,5 m<sup>2</sup>, som vist i skissa over.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

### Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar (...), jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 1.3 i verneforskrifta gje løyve til definerte tiltak m.a.:

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

c) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen s. 38, står følgjande om utviding:

«**Utviding** § 3, pkt 1.3 b.

Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggjast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.»

### Naturmangfaldlova

Tiltak som gjeld utviding utover 10 % av eksisterande bygg, er ikkje spesifisert som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter verneforskrifta. Søknaden må behandlast etter naturmangfaldlova § 48, dispensasjon frå vernevedtaket, med følgjande ordlyd:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

«I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har i styremøte 24.06.19 vurdert riving av den gamle utedoen, og oppføring av ny utedo på Vakkerstølen. I medhald av nml § 7, er søknaden vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad. I Reinheimen er det berre DNT Ålesund-Sunnmøre turistforening som har turisthytter av omfang, og det er god oversikt over trafikken og verksemda til turistforeininga i verneområdet. Det er liten risiko for mange andre likande søknader i området. Utviding av utedoen er tilpassa eksisterande bruk av turisthytta Vakkerstølen, og er eit nødvendig tiltak.

I vernereglane er det teke høgde for at det kan vera behov for utviding av bygningar, når det etter søknad kan *godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet*. Ei ytterlegare utviding av bygget med 1,5 m<sup>2</sup> vil utan tvil føre til ein betre og meir praktisk inngangsparti til utedoen. Utvidinga vil ikkje endre utforming eller plassering av bygget, som det er gjeve dispensasjon til. Eit lita utviding vil gje større fordeler enn ulemper for verneverdiane i dette konkrete tilfelle. Utvidinga i inngangsparti strider ikkje mot vernevedtakets formål, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2019/15442-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 08.10.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	15/2020	22.06.2020

## Tafjorden-Reindalen LVO - Dispensasjon - Utviding av kjøkken på Reindalseter - DNT Sunnmøre

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3. c), får DNT Sunnmøre dispensasjon til utviding av kjøkkenbygget på Reindalseter.

#### Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Tilbygget skal vera i forlengelsen av eksisterande kjøkken mot nord, i samsvar med plan- og byggeskisser, vedlagt søknaden.
- Kjøkkenbygget skal utvidast i 2.etasjar med grunnflate på 38,7 m<sup>2</sup>, slik at total grunnflate på bygget etter utvidinga er 157,6 m<sup>2</sup>, målt utvendig.
- Overnattingskapasiteten skal ikkje aukast etter ombygginga.
- Tilbygget skal vera i same stil som eksisterande bygg, med liggjande kledning, same farge og takmateriale. Vindauge skal ha same storleik som på eksisterande bygg.
- Rapport med bilete skal sendast nasjonalparkstyret etter at tiltaket er gjennomført.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er november 2023. Etter denne fristen fell dispensasjonen bort.

Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrifta for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. Det blir gjort merksam på at tiltaket må avklarast med grunneigar og Fjord kommune.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening, e-post 02.08.2019
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet frå 2011 og 2012
- Utfyllande opplysningar til søknad, e-post 14.08.2019
- Vedlegg til søknad, situasjonsplan, skisser av fasade, e-post frå DNT Sunnmøre 16.06.20



## Saksopplysninger

DNT Sunnmøre søker om dispensasjon til utviding av kjøkkenet på Reindalseter i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.

I søkanden står:

### Søknad om utbygging av ny kjøkkendel på Reindalseter 02.08.2019

*Reindalseter Turisthytte har i flere år drevet på dispensasjon fra Mattilsynet. Kjøkkenet er gammelt og lite og tilfredsstillende ikke dagens krav til hygiene, garderobeløsning for ansatte eller brannsikkerhet. For å møte disse kravene er vi nødt til å utvide kjøkkenavdelingen. Det er ikke plass til nytt kjølerom, eller store kjøleskap på dagens kjøkken, og heller ikke egnet garderobe for ansatte. Ved utbygging av kjøkkenet kan vi også få en mer effektiv drift med personell. Vi søker derfor om å få sette opp et tilbygg som på tidligere oversendte tegning, som også er sendt til Norddal kommune. Vedlagt ligger utdrag av tilsynsrapport fra Mattilsynet fra 2011 og 2012, der vi har uthevet de viktigste punkta i rapporten.*

### E-post fra DNT Sunnmøre v/Linda Flem, 16.06.20:

*Her kommer det siste fra Magne Mælan og håper dette kommer opp og blir godkjent på styremøte.*

*Det har også blitt godkjent av Siri v/Norconsult og det er øyeblikkelig på vei inn som byggesak.*

*Det blir ingen endring i ovenrattingskapasiteten. En nødvendighet som pålegg fra Mattilsynet og Brannvernet. Vi går på dispensasjon pr.d.d.*

*Vi har tenkt byggestrart så snart Setra stenger i slutten av august for å klare å åpne til neste sesong i slutten av juni. Vi har ikke råd å miste en sesong.*

Digital modell av fasaden av bygningsmasse og tilbygg:





Planskisser for tilbygget er vedlagt saka.

## Heimelsgrunnlag

### Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

### Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- *ta vare på eit særperga og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*
- *ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjell med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen*
- *ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*

*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde (§ 3, pkt. 1.1) er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

I følgje verneforskrifta § 3, pkt. 1.3. kan forvaltningsstyresmakta gje dispensasjon til;



c) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

## Forvaltningsplan

Retningslinjer for byggjeskikk, ombygging og tilbygg og drift av turisthytter, er omtala nærare i forvaltningsplan for Reinheimen kap. 5.3. frå s. 56, kap. 5.5. s. 61:

### **Drift av turisthytter § 3, pkt 1.2, b.**

*Drifta av Reindalsseter turisthytte kan halde fram som før vernetidspunktet, men heile tida på ein måte som gjer at plante- og dyrelivet, samt kulturminne i området ikkje blir skadelidande. Forskrifta har inga innverknad på vanleg vedlikehald av bygningar, men vedlikehaldet må ikkje føre til endringar i storleik eller eksteriør på den eksisterande bygningsmassen. Utover allereie eksisterande og godkjende planar, blir det ikkje høve til å oppføre nye bygningar i samband med drifta. For tiltak på bygningar gjeld retningslinene under pkt. 5.3 Bygningar.*

### **Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c.**

*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til ombygging av og tilbygg til eksisterande bygningar. Ein skal då vurdere heilskapen i miljøet der bygningen står, og om endringa fører til vesentleg forringing av dette. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

### **Byggjeskikk § 3, pkt 1.3.**


*Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittelet skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.*

## Vurdering

Nasjonalparkforvaltar, Ingvild Øyjordet hadda saka fram til ho slutta, og synfarte omsøkte tiltak i samband med oppstartsmøte for skjøtselsplan for Reindalsseter 08.08.2019. Styreleiar DNT Sunnmøre, Jørn Håskjold, orienterte da om tiltaket. Bakgrunnen for behovet er pålegg frå Mattilsynet. Eksisterande kjøkken tilfredsstillar ikkje dagens krav. I tillegg er det ikkje godkjent at ein må få på plen, jf. bilete, for å koma seg til kjøla (bak fotograf). Utviding av kjøkenet omfattar bygging på eksisterande grunnmur, jf. bilete. Omsøkt tiltak omfattar utviding i forlenging av eksisterande bygg, over to plan. I 1. etasje skal kjøkkenet utvidast. På telefon 10.10.2019 informerer Linda Flem i DNT at planen for 2. etasje av tilbygget er opphaldsrom til kokk og betjening, som ei forlenging av dagens bygg. I dag er det tørrvarelager og sove/opphaldsrom for betjening over kjøkenet.



Utvida kjøken skal byggast på platting i bilete, i forlenginga av dagens kjøken, (Foto 08.08.19, Ingvild Øyjordet)



Raud markering viser plassering av tilbygg kjøken som forlening av dagens kjøken (blått bygg), opp i mot total bygningsmasse på Reindalseter.

DNT Sunnmøre driv turisthytta på Reindalseter. Turisthytta er betjent i sommarsesongen, og den einaste betjente turisthytta innanfor verneområda i Reinheimen. Reindalseter har 76 sengeplassar og hadde 2331 overnattingar i 2016 og 2641 i 2017. Hytta er i tillegg eit populært dagsturmål frå Zakariasdammen.

Statens naturoppsyn har i verneområdeloggen registrert for Reindalseter: hovudhytte med kjøken, spisestue, peisestue, overnattingsplassar, eit eiga bygg for overnatting, resepsjonsbygg, toalettbygg og eit uthus, totalt 5 bygg. Frå Norgeskart ser ein at det er to små bygg i tillegg i nord (sjå kart over), truleg mindre uthus/vedskjul.

Forvaltningsplan for Reinheimen omtaler arealgrense på 75m<sup>2</sup> for fritidsbygg. Reindalseter er eit turistanlegg til næringsverksemd og kan ikkje reknast inn under denne bestemmelsen.

Eksisterande areal for bygningsmassen på Reindalseter er lagt over 75 m<sup>2</sup>, og bygget som skal utvidast har eit areal på 119 m<sup>2</sup>. Forvaltningsplanen vektlegg bruksendring ved utviding og ombygging av eksisterande bygg. Omsøkt tiltak vil ikkje medføre ei bruksendring, men vil vera ei nødvendig oppgradering av omsyn til driftsmessige behov, mellom anna for å tilfredsstille krav frå Mattilsynet.

DNT Sunnmøre har eit akseptert behov for utviding av kjøkkenet på Reindalseter. Matservering er ein vesentleg del av verksemda, og det er gjerande for drifta at kjøkkenet tilfredsstiller krav frå Mattilsynet. Det er i dag allereie ein platting i betong i forlenging av kjøkkenet, med ein levegg i tre aust for tunet, jf. biletet over. Planlagt utviding av kjøkkenet ligg på baksida av hovudtunet og inngangspartiet til Reindalseter. Ei utviding av kjøkkenet og spisesal vil ikkje endre bygget si fasade eller inntrykk av bygget i vesentleg grad, for besøkande som kjem til Reindalsseter.

#### Vurdering mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbase. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Tilrettelegginga skjer i eit område med ferdsel og ein kan ikkje sjå at tiltaket vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet, og kulturminne i området når det ikkje aukar overnattingskapasiteten, jf. førevar-prinsippet (§ 9).





§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, er vurdert til ikkje relevant i denne saka.



#### § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.


I samband med byggeperioda vil DNT Sunnmøre ha behov for transport av byggjematerial med helikopter. Utover dispensasjon til varetransport men helikopter som DNT har i dag, må tiltakshavar også søkje nasjonalparkstyret om dispensasjon til motorferdsel/landing i verneområdet. Det er viktig at byggeverksemda vert gjennomført på ein skånsam måte, med omsyn på naturen og dei som besøker området.

Presedensverknaden av ei sak er ei vurdering av om det vil føre til at mange andre vil søkje om dispensasjon til liknande tiltak i framtida. DNT Sunnmøre er den einaste aktør som driv ei betjent turisthytte i Reinheimen. Det er fleire aktørar i Reinheimen som leiger ut hytter, men ikkje med så omfattande bygningsmasse og drift, med matservering og merking av turstigar som DNT Sunnmøre. Ei utviding av kjøkkenet på Reindalseter vil såleis ikkje skape presedens overfor liknande søknader, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.


Tiltaket er nødvendig for drifta av Reindalseter. Ei utviding gir praktiske forbetringar, lettar drifta for dei tilsette, og tilferdsstiller krav frå Mattilsynet. Utvidinga vil ikkje auke overnattingskapasiteten på Reindalseter, og er i samsvar med vernereglane i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.



Fase. <b>Forprosjekt</b>	Prosjekt: <b>Reindalsæter</b> <b>Utomhusplan</b>	Kiltakshaver <b>Alesund og Sunnmøre Turistforening</b> Dato <b>16.04.2020</b>	Prosjektnr. <b>Prosjektnr.</b>	Mål: <b>1:200</b> Tegnet: <b>M.M</b>	<b>Ronny Tennfjord AS</b> Stette Næringsområde 9 6260 SKODJE TLF: 90074041 <a href="http://www.rtennfjord.no">www.rtennfjord.no</a> Fagkunnskap gir trygghet  
-----------------------------	--	--	-----------------------------------	---	--



Eksisterende



Planlagt

Fase.

**Forprosjekt**

Prosjekt:

**Reindalsæter**  
Plan 1. Etasje

Tiltakshaver

**Ålesund og Sunnmøre Turistforening**

Dato

**16.04.2020**

Prosjektnr.

**Prosjektnr.**

Mål:

**1:100**

Tegnet:

**M.M**

**Ronny Tennfjord AS**

Stette Næringsområde 9


6260 SKODJE

TLF: 90074041


[www.rtennfjord.no](http://www.rtennfjord.no)

Fagkunnskap gir trygghet





Eksisterende



Planlagt



Arkivsaksnummer: 2020/5605-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 05.06.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	16/2020	22.06.2020

## Ottadalen LVO - Dispensasjon - bygging av utedo på tilsynsbu ved Kroketejønn - Kroketejønn Vasslag v/John Teigum

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel naturmangfaldlova § 48 får Kroketejønn Vasslag dispensasjon til oppsetting av utedo ved tilsynsbua ved Kroketejønn i Ottadalen landskapsvernområde.

Nytteverdien er vurdert som større enn ulempene, og tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål. Tilsynsbua er knytt til driftsmessige behov i landbruksnæringa.

#### Dispensasjon blir gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen skal ha eit utvendig mål på 1,2 m x 1,0 m. Høgde 2,2 m frå toppen av grunnmur til tak ved inngangsdøra.
- Taket skal være pulttak, og takmaterialet skal vera med matt overflate for å vera minst mogleg synleg.
- Utvendig kledning skal vera ståande panel og påførast mørk brunfarge som tilsynsbua.
- Utedoen skal plasserast aust for tilsynsbua, så nærme tilsynsbua som mogleg, på tørr grunn, utan risiko for avrenning til vassdrag. Endeleg plassering skal avklarast i felt med nasjonalparkforvaltar/SNO.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er i løpet av juni 2022.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaket må òg avklarast med kommunen og grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka



- Søknad frå Kroketejønn Vasslag, v/Johm Teigum, 30.04.2020



## Saksopplysningar

Kroketetjøn Vasslag søker om dispensasjon til å bygge utedo ved si tilsynsbu ved Kroketetjøn i Ottadalen landskapsvernområde. I søknaden står det at tilsynsbua er bygd ved Kroketetjøn av 7 gardsbruk i Skjåk, som har vatningsvatn frå Kroketetjernet. Det er ikkje do ved tilsynsbua frå før, og det er stort behov for å sette opp ein utedo.

Vedlagt situasjonskart og skisser:



Skisse av utedoen viser eit enkelt byggverk med stående panel, med pulttak, i storleik 1 x 1,2 m. Høyde ved inngangsdør er 2,2 m.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24.11.2006.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr.100.

### Verneformål – forskrift

Landskapet i Ottadalen LVO er i medhald av § 3 pkt. 1.1 verna mot inngrep: *«Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3, pkt. 1.3. a) gje løyve til:

a) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen, s. 144:

*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjeve løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltstående hytte.*

*For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.*

### Naturmangfaldlova

Søknad om frittstående utedo er ikkje spesifisert som eit unntak nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter verneforskrifta. Søknaden må behandlast etter naturmangfaldlova § 48, dispensasjon frå vernevedtaket, med følgjande ordlyd:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av

presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Tilsynsbua ligg ved Kroketetønn i Ottadalen landskapsvernområde. Bua vert nytta i samband med tilsyn- og vedlikehaldsarbeid på vatningsdammen, som er kjelda til vatningssystemet for 7 gardsbruk i Skjåk. I samband med overnatting, vil det vera behov for ein utedo. Foto under viser tilsynsbua i 2009, henta frå verneområdeloggen til SNO. Det er ikkje do ved hytta i dag. Tilbygget på venstre side er lager for ved og anna utstyr.



Verneforskrifta og forvaltningsplanen opnar i utgangspunktet berre for ombygging og tilbygg, og ikkje for nye *frittstående* bygg. Det er søkt om eit frittstående bygg, og av omsyn til lukt/hygiene, kan eit separat bygg i dette tilfelle vurderast. Søknad om frittliggande bygg må behandlast etter unntaksheimelen i naturmangfaldlova § 48.

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, utgjeve av Miljødirektoratet i 2014, har retningslinjer som er relevante for vurderinga om det kan gjevast dispensasjon (s. 11): *«Hvis et omsøkt tiltak eller en aktivitet ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, kan forvaltningsmyndigheten vurdere dispensasjon etter § 48 første alternativ.*

*Ved søknad om dispensasjon må det først vurderes om vilkårene er oppfylt. Vilråene er kumulative, det vil si at begge vilråene må være oppfylt. Det at vilråene er oppfylt gir ikke krav på dispensasjon. Bestemmelsen er en kan-bestemmelse, som innebærer at det skal foretas en konkret vurdering av om det skal gis en dispensasjon*

*dersom vilkårene er oppfylt. I avveiningen av om dispensasjon skal gis må det foretas en skjønnsmessig vurdering.*

*Blant annet vil omfanget, miljøvirkningen og nødvendigheten av de tiltak som det søkes dispensasjon for, ha betydning. Også de hensyn som positivt taler for det omsøkte tiltak, og om det vil stride mot verneverdiene om tilsvarende dispensasjonssøknader blir innvilget i fremtiden, inngår i vurderingen.*

*Dispensasjon etter § 48 første alternativ, omfatter tiltak som er forenlig med verneformål og verneverdier i det aktuelle området. Dette vil i noen grad avhenge av verneform. Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, for eksempel kraftutbygging eller oppføring av private fritidshytter.*

*Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene.»*

Utedo høyrer naturleg til buer som vert nytta ein del, og fellesbuer med fleire brukarar knytt til landbruk som i tillegg er opne for det allmenne friluftslivet, vil ha såpass omfattande bruk at det er lite heldig å ikkje ha ordna toalettforhold. Bygget det er søkt om er lite og synest vera i samsvar med utedofunksjon. Ein kan ikkje sjå at ein liten utedo vil vera i strid med formål for vernet. Det er heller ikkje mange slike fellesbuer/tilsynsbuer knytt til landbruksnæring, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarende søknader, slik at samla påverknad blir for stor (naturmangfaldlova § 10).

I forvaltningsplanen kan det verke som om forbudet mot frittstående nybygg i første rekkje er retta mot fritidsbustader, jf. ordlyden i retningslinene i pkt. 10.4.2: «*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta etter søknad tillate ei mindre utviding av bygningen på inntil 30 % av eksisterande areal på vernetidspunktet, men likevel slik at samla areal ikkje overstiger 75 m<sup>2</sup> (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks. Det vil ikkje bli gjeve løyve til å byggje uthus/do for ei enkeltstående hytte.*

*For landbruksbygg skal arealet tilpassast driftsmessige behov.»*

Tilsynsbuene er knytt til landbruksnæring og nødvendig drift av vatningssystem. Nytteverdien av ein ny do på tilsynsbua er vurdert som større enn ulempene, og er eit tiltak av mindre omfang, tilpassa driftsmessige behov. Tiltaket er også vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 og 9. Ny do ved eksisterande tilsynsbu vil ikkje føre til auka bruk, eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål, jf. nmf § 48. Doen skal plasserast slik at den vert lite synlege i landskapet.

Det vil i tillegg vera behov for motorisert transport av byggematerialar. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane, jf. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. §11 er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.



Arkivsaksnummer: 2020/4067-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 20.05.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	17/2020	22.06.2020

## Reinheimen np - Oppsett av sperregjerde - saltsteinsholder - saltkasse -Billingen - Kjell Egil Ramstad

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, bokstav e), får Kjell Egil Ramstad dispensasjon til å sette opp sperregjerde og saltsteinsholder og saltkasse i Tordalen.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Sperregjerde og saltsteinsholder og saltkasse skal plasserast som skissert på kartet:



- Sperregjerde skal plasserast ved ei naturleg innsnevring i terrenget innafor Skitaren, og ha ei lengde på ca. 20 meter.

- Gjerdemateriale for beitesesongen 2020 skal vera elektrisk gjerde med to straumtrådar, og ha ei høgde på ca. 1 meter slik at hjortevilt kan hoppe over. Frå beitesesongen 2021 skal det settast opp gjerdestolpar med liggjande trebord som skal takast ned etter kvar beitesesong.
- Av omsyn til all type ferdsel i området skal det settast opp nødvendige grunder og overgangar der gjerde kryssar den merka turstigen i Tordalen.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan påleggje Kjell Egil Ramstad å fjerne sperregjerde, dersom sperregjerdet fører til stor ulempe for villrein og anna hjorteviltet, og dersom behovet for sperregjerde vert borte.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad frå Kjell Egil Ramstad , e-post 21.03.2020

## Saksopplysningar

Kjell Egil Ramstad søker om å få sette opp eit sperregjerde og saltsteinholder og saltkasse i Tordalen i Reinheimen nasjonalpark. I søknaden står følgjande:

*Sperregjerde og Saltsteinsholder*

*Søker om å få sette opp eit sperregjede i Torsdalen samt ein saltsteinsholder og saltkasse. Eg fikk tildelt ei sæter på Billingen med beiterett og ønsker å ta i bruk Torsdalen . Eg hadde 26 storfe på beite i 2019 men de hadde lett for å komme ned til Billingen og RV 15 . Sperregjerdet er ønskele litt innafor Skitaren (se vedlegg ) der er de ein naturleg plass med ei grov stein oppover fjellsida så ein trenger kun eit gjerde på ca 20 meter . Gjerdet er tenkt med permanerte stolpar og liggjande bord som ein tar av utan om beitesesongen . De er ingen andre som beite med storfe i Torsdalen (minst 50 år sia )men ei besetning med sau , så sperregjerdet blir utforma slik att sauene kan gå fritt. Saltsteinsholderen med saltkasse er ønskele lengre inn i dalen se kart . Blir de eit positivt svar så ønsker eg få frakta gjerdesmatrial og salt med snøskuter . Hilsen Kjell Egil Ramstad Nordberg Solside 543 2693 Nordberg*



På telefon 20.05.20 informerer søkjaren om at det for beitesesongen 2020 er ønskeleg å sette opp eit strømgjerde som ei midlertidig løysning.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder *oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretingar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av buer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l.* Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Nasjonalparkstyret kan gje løyve til oppsetting av sanketrøer o.l., jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., bokstav e).

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er gjerde og sanketrøer omtalt på s. 39, der det står følgjande:

#### **«Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3 e.**

*Det må søkjast forvaltningsstyresmakta om løyve. Dersom eit behov for gjerde eller sanketrøe skulle oppstå, må ein leggje til grunn at slike tiltak er til ulempe for villreinen og derfor skal avgrensast til eit minimum. Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.»*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Tordalen strekker seg frå Billingen i søraust, og nordover mot Torsvatnet, og vestover mot Torsnos og Veltdalsvatna/Veltdalen. Elva Tora og vassdragsnaturen pregar landskapet, som også er eit godt beiteområde.

Verneforskrifta har teke høgde for at det kan søkast nasjonalparkstyret om løyve til gjerde- og sanketrøer og liknande i nasjonalparken. I følgje forvaltningsplan legg ein til grunn at landbruksnæring knytt til utmarksbeite med sau og storfe skal kunne halde fram som før. Det er gjort ei vurdering av at gjerding kan vera nødvendig for ulike behov, som t.d. sperregjerde i utmark for å styre beitebruken. På ei anna side kan gjerding vera konfliktfylt, særleg i høgfjellet, fordi det kan vera ei ulempe for villrein, landskapsforhold og fri ferdsel.

Av omsyn til villrein, er det bede om ei uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutval- og villreinnemnda. Villreinnemnda og sekretær i Villreinutvalet har i brev 05.06.2020 gjeve slik uttale til saka:

*«Det er lagt opp til eit sperregjerde på 20 meter. Ein har erfaring frå at villrein kjem forbi dette området på andre plassar (Knut Granum, pers. med). Sperregjerdet vil truleg ha avgrensa negativ effekt på villrein. For å redusere eventuelle konsekvensar bør gjerdet bli teke ned att etter kvar beitesesong.»*

Sperregjerdet vil krysse ein merka turstig gjennom Tordalen, mellom Billingen og turisthyttene Torsbu og Veltdalshytta. Forvaltar har difor bede om evt. merknader frå DNT Sunnmøre og DNT Oslo og Omegn. DNT har på e-post svart at tiltaket er greitt for dei, men at dei føresett at det vert ei løysning for å passere gjerdet med for eksempel grind/gjerdeklyv, og at det vert godt merka vinterstid. DNT viser til merkehandboka.no, s. 66 og 67.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 2, og naturmangfaldlova §§ 1(Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

### § 8 – kunnskapsgrunnlaget

Utmarksbeiting er også ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i nasjonalparken, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av landskapets eigenart. Sperregjerde kan bidra til å oppretthalde biologiske- og landskapsmessige verdiar ved at beitedyr held seg i området. Tiltaket er derfor ikkje i strid med verneføremålet. Tiltaket er eit reversibelt inngrep, som vil kunne ha ein positiv effekt på landskap og biologisk mangfald i samsvar med verneføremålet.

Det er eit rikt dyreliv i området, mellom anna jaktbare bestand av hjort, elg og rådyr. Trekkvegane er kjente, og sperregjerde skal ikkje settast opp dersom det skaper hinder for hjorteviltet. Villrein har i følgje villreinutvalet, moglegheit for å passere i området på andre plassar, og sperregjerdet vil ikkje vera til nemneverdig ulempe for villrein. Villreinnemnda legg til i si uttale at gjerdet bør utformast slik at det kan takast ned etter kvar beitesesong for å hindre eventuelle negative konsekvensar.

Kunnskapsgrunnlaget er godt, og forvaltar har jamleg i kontakt med sekretær for villreinutvalet/villreinnemnd, for oppdatering på villreinflokkane i området. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

#### § 10 – økosystemtilnærming og samlet belastning

Dersom ein gir dispensasjon skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I Reinheimen og tilknytte verneområde er det totalt 14 beitelag, og i 2018 var det sleppt over 22 356 dyr på utmarksbeite. Av dette er det 1533 storfe, og resten er sau/lam/geit og nokre hestar. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Det er frå før sett opp sperregjerde i Finndalen landskapsvernområde som etter det forvaltar kjenner, fungerer bra, utan ulempe for villrein eller anna hjortevilt i området. Det er god oversikt over beitenæringa i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde, og det er lite sannsynleg at det blir mange andre liknande saker i tida framover.

#### § 12 – miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Oppsetting av sperregjerde og saltkasse/salthaldar er eit konkret tiltak for å halde oppe utmarksbeiting med storfe i området. Utmarkbeiting er ein berekraftig driftsmetode som skal kunne halde fram som før jf. forvaltningsplan.

Dersom det skulle vise seg at det ikkje lenger er bruk for sperregjerde, eller at gjerde skapar ulemper for villrein og anna vilt, skal tiltakshavar fjerne sperregjerde og salthaldar/saltkasse. Nasjonalparkstyret kan påleggje tiltakshavar fjerning av gjerde på stutt varsel.

Utifrå ei samla vurdering vil fordelane med tiltaket vera større enn evt ulemper for verneverdiane i området.





Arkivsaksnummer: 2020/2149-8

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 12.06.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2020	22.06.2020

## Møteplan 2.halvår 2020

### Innstilling frå forvaltar

Møtedato for 2.halvår 2020:

3/2020: 7.juli – elektronisk møte, Teams

4/2020: 21.sept. – Lesja, møte og synfaring Tussheim/Avdembue

5/2020: 23.nov. – *Skjåk, evt møte med rådgjevande utval*

Møte i AU-Reinheimen etter behov.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, revidert 2020

### Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde i 6 styremøte 2019, 2 telefonmøte, og 4 fysiske møter kring verneområdet. 2 av møta var med overnatting i samband besøksstrategi og møte med rådgjevande utval.

1/19 – 18.03.19, Grand Hotel Bellevue, Åndalsnes

2/19 – 07.06.19, Telefonmøte

3/19 – 24.06.19, Norsk Fjellsenter, Lom

4/19 – 04.07.19, Telefonmøte

5/19 – 23.-24.09.19, Valldal rådhus, Valldal.

Møte om besøksstrategi, med rådgjevande utval og administrativt kontakt utval 23.09.19.

6/19 – 02.12.19, Aak Hotel, Åndalsnes

Overnatting og avslutning for nasjonalparkstyret i styreperioda 2016-2019

Arbeidsutvalet, AU-Reinheimen, har hatt 1 møte, e-postbehandling 07.05.19.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

I vedtektene til nasjonalparkstyret står følgjande om møter i nasjonalparkstyret:

#### «7. OM MØTENE I NASJONALPARKSTYRET

Kommunelova kap. 6 om sakshandsaming i folkevalde organ skal brukast så langt dei passer, med dei tilpassingar som er fastsett i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjeld tilsvarende.

Styret bør tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren pliktar å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Varsel om innkalling til møte i nasjonalparkstyret skal skje med 2 vekers varsel. Endeleg innkalling med saksdokumenta skal sendast 1 veke før møtet. Styret avgjer sjølv om det vil ta opp eventuelle saker som vert ettersendt seinare enn dette.

Det skal førast protokoll frå møta. Styreleiar og eit medlem som vert vald ved møtestart, skriv under protokollen. Eventuelle protokolltilførsler må setjast fram i møtet. Forvaltar si tilråding til vedtak skal gå fram av møteprotokollen. I dei tilfella der styret sitt vedtak har eit anna utfall enn forvaltar si tilråding til vedtak, må styret si grunngjeving for val av anna utfall kome fram i vedtaket. For at forvaltningsstyret skal vere vedtaksført må minimum halvparten av medlemmene vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelrøyst.

#### 9. RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

#### 10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane.»

## Vurdering

I samsvar med styrevedtektene foreslår nasjonalparkforvaltaren at det vert lagt opp til minst 2 fysiske styremøte for andre halvår 2020. Det bør og leggjast opp til synfaring slik at styremedlemmane får høve til å bli kjent med området, og aktuelle tiltak. I tillegg skal Nasjonalparkstyret sette av tid til eit møte med rådgjevande utval, og eventuelt andre i samband med tiltak/prosjekt. Det lagt opp til å leggje styremøta i kommunane med areal i verneområdet, og no er det Lesja og Skjåk som står for tur, og det let seg gjera av omsyn til reiseavstand mm. Møtedag på måndagar vert vidareført, da det har vist seg og passe best for å unngå møtekollisjon i kommunane.

Første halvår 2020:

1/2020: 18.mars –konstituerande styremøte, elektronisk på Teams.

2/2020: 22.- 23.juni – Utgard kulturhus i Lom, opplæringsdag og styremøte

23.april - AU-Reinheimen, elektronisk på Teams

Forslag til møtedatoar andre halvår 2020:

3/2020: 7.juli – elektronisk møte, Teams (behandle varsla byggesak)

4/2020: 21.sept. – Lesja, møte og synfaring Tussheim/Avdembue

5/2020: 23.nov. – Skjåk, evt møte med rådgjevande utval

For å behandle saker som hastar der nasjonalparkforvaltarane ikkje har vedtaksmynde, eller det av prinsipielle grunnar er nødvendig med politisk behandling, kan arbeidsutvalet for Reinheimen (AU) kallast inn. AU-møta gjennomførast som regel elektronisk. Dette er ein fleksibel løysning for å handtere mellom anna hastesakar.

**ST 19/2020 Eventuelt**